

Til: Naustdal kommune
Frå: Johannes Henrik Myrmel
Dato 2017-04-28

Varsel om oppstart av arbeid med DETALJREGULERINGSPLAN FOR BERRVELLENE, GNR 99, BNR 2, NAUSTDAL KOMMUNE

I samsvar med §§ 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova vert det varsla om igangsetting av arbeid med utarbeiding av detaljreguleringsplan for Berrvellene.

1 Reguleringsplan

1.1 Grunneigar

Norconsult AS gjennomfører planarbeidet for BT Byggtvikling AS.

1.2 Planområdet

Planområdet femnar om del av gnr 99, bnr 2.

1.3 Planstatus

I kommunedelplan for Naustdal sentrum er arealet sett av til bustad og offentleg tenesteyting. Området er regulert i detaljreguleringsplan for Naustdal barnehage (planid: 1433 20120015). Arealbruken i kommuneplanen er direkte vidareført i reguleringsplanen. Planen vart vedteken i 2012. Vedlagt følgjer kartutsnitt av kommuneplanen, arealbruk i vedtekne planer og kartutsnitt med lokalisering av planområdet/førebels planavgrensing.

1.4 Hovudmålet med planarbeidet

Formålet med planen er å legg til rette for utbygging av mellom 15 og 25 bustader/leilegheiter med tilhøyrande utomhusareal og tilkomst.

Plandokument som skal utarbeidast:

1. Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningsloven.
2. Planomtale som klargjer mål prinsipp og planen sine vesentlege verknader i høve miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningsloven.
3. Risiko- og sårbarheitsanalyse som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningsloven.

Planarbeidet er vurdert til ikkje å verte fanga opp av virkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar.

2 Merknader/uttaler til oppstart av planarbeidet

For nærmare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Johannes-Henrik Myrmel
mob 454 04 993
e-post: johm@norconsult.no

Dersom du har opplysningar, synspunkt, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:


Norconsult AS
v/ Johannes-Henrik Myrmel
Boks 514
6803 Førde

Frist for å sende inn merknader er sett til 10. juni 2017.

3 Vidare saksgang


Arbeidet er i oppstartfasen. Vi er i gang med å registrere og samle inn opplysningar for planarbeidet. Målet er å oversende planframlegget til Naustdal kommune for handsaming hausten 2017. Planen vert lagt ut til offentlig ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredstillande. I samband med at offentlig ettersyn vert gjennomført, er det mogleg å sette fram merknader til planframlegget som vil bli vurdert av kommunen i samband med den vidare handsaminga av planen.

Kommunedelplan for Naustdal sentrum Utsnitt
 Vedteken av Naustdal kommunestyre den 12.12.2012



Teiknforklaring og meir informasjon om arealdelen til kommuneplanen finn ein på heimesida til Naustdal kommune.

Kart som viser førebels grense for området omfatta av planarbeidet samt arealbruken i vedteken reguleringsplan.



C01	2017-04-28	For bruk	JOHM	AKR	JOHM
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.